

Til Innlandet fylkeskommune  
[post@innlandetfylke.no](mailto:post@innlandetfylke.no)

## Høyrings svar Innlandsstrategien 2024 - 2028

Studieforbundet kultur og tradisjon takkar for høvet til å kome med høyrings svar. Vi opplever Innlandsstrategien 2024 - 2028 som eit godt dokument, med argumentasjon som vi kjenner oss att i, og med mange og viktige føringar for framtidig utvikling.

Vi vil gjerne bidra, og vil her kommentere utifrå Innlandsstrategien sin fastsette visjon «eventyrlege moglegheiter» og overskriftene:

- Berekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplassar
- Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstader og bygder
- At aktørar i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlegheit

### **Berekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplassar**

Kulturarv er berekraft. I oppfølging av planen meiner vi Innlandet fylke må ta eit særleg ansvar for å løfte, utvikle og vidareformidle kulturarven. Vi les gode intensjonar inn i planen, der utfordringa kan vera å få desse ut i handling. Innlandet er eit svært godt fylke for handverksopplæring og aktive frivillige lokallag. Vi ser at Norges Husflidslag med konsulentar i fylket, har jobba med å forsterke satsinga på gjenbruk, berekraft, kjøpsmønster, miljø og natur, som i neste rekkje påverkar enkeltindividet til handling, og fører til auka aktivitet og skarpere fokus på berekraftig ressursforvaltning. Dei få midlane som går til dette, fører til merkbare resultat i andre enden. Mykje av nøkkelen her ligg i å få unge menneske interessert i handverk og tradisjonar, og etterspurnaden etter tradisjonshandverkarar i Noreg er stort. Vi har allereie nasjonale kompetansesenter som jobbar med og er gode på akkurat dette; Norsk Institutt for bunad og folkedrakt i Valdres, Norsk Håndverksinstitutt på Lillehammer, Hjerleid Handverksskole og Senter for Bygdekultur på Dovre og fleire gode museumsmiljø. Alle desse jobbar med tradisjonshandverk sett i samanheng med berekraftig ressursforvaltning som viktige element og byggesteinar i arbeidet sitt, som gjenbruk, bruke oftare og lengre, ha kunnskap om, reparasjon, re-design, byggje og produsere haldbart og nøysamt, med meir. Å spele desse institusjonane endra betre, framfor å bygge nye strukturar, er etter vår meining beinaste og beste veg til målet.

### **Levande lokalsamfunn med berekraftige byar, tettstader og bygder**

Vi er glade for å sjå at frivillig sektor har fått ein større og meir synleg plass i komande strategi enn tidlegare, og ein strategi som speglar samarbeidsfokus. Tidlegare arbeid vi har gjort kan sjå ut til å ha bore frukter. Utfordringa er gjerne å fylgje dette opp i handling. Vi ser ein tendens til ei oppfatning om at frivillige organisasjonar utelukkande blir finansiert gjennom medlemspengar. Dersom frivillig sektor skal kunne vera ei kraft for å vere med å løyse desse oppgåvene, må fylkeskommunale midlar og brukast på infrastruktur i dei same organisasjonane. Til dømes ser vi i 2024 eit kutt i tilskot til Norges Husflidslag, som gjer det vanskeleg å halde fram med konsulentstillingane, som fører med seg ei svekking av

organisasjonens struktur på fylkesnivå. Når husflidskonsulentane og strukturen blir svekka, aukar faren for at arbeidet dett saman, og aktiviteten blir mindre berekraftig. I ein region med spreidd busetting, og til dels aldrande befolkning i delar av regionen, meiner vi det er heilt nødvendig at Innlandet fylke legg til rette for breie samarbeid på tvers av sektorar og fagområde. Vi meiner viktige oppgåver kan løysast dersom privat, offentleg og frivillige krefter og miljø samhandlar, heller enn å motarbeide kvarandre. Vi meiner ein sterk frivillig sektor over heile fylket bidreg til å skape dei levande lokalsamfunna som er dette andre langsiktige utviklingsmålet i strategien. Frivilligheit som blir tufta på verdigrunnlag og fellesskap, er gode arenaer å fremme berekraftstanken på, det skapar helsemessige sterke og relasjonssterke samfunn og innbyggjarar som blir opptekne av FNs berekraftsmål.

### **At aktørar i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlegheit**

Dei nasjonale kompetansesentera Norsk Institutt for bunad og folkedrakt, Norsk Håndverksinstitutt, Hjerleid Handverksskole og Senter for Bygdekultur er svært viktige i nasjonal samanheng, og viktige verktoy og verkemiddel for å ivareta både materiell og immateriell kulturarv. Alle desse femnar og om arbeidet med berekraftig ressursforvaltning, som nemnt over. Sjølv om dei er nasjonale institusjonar, er dei heilt avhengige av støtte og synleggjering og frå fylkeskommunen. Fylkeskommunen si omsorg for desse miljøa, vil gjera det enklare å løfte Innlandet og nå fleire av måla over. Studieforbunda tilbyr opplæring og utdanning til alle, både formell kompetanse og lågterskeltilbod som er opne for alle uansett bakgrunn, kjønn, alder, etnisitet og funksjonsnivå. Som studieforbund er vi særleg oppteke av at frivillig sektor, med mellom andre institusjonane nemnt over, blir innlemma i kompetansepolitiske planar, handlingsplanar og tiltak. Samspelet mellom offentleg utdanning og ikkje-formell opplæring i både næringsliv og frivillig sektor vil kunne bidra til kompetanseløft for heile befolkninga, både i områda med tettast befolkningsvekst, og ikkje minste område med større fråflytting.

### **Oppsummert:**

Vi ser fram til det vidare arbeidet med å realisere måla i strategien. Vi håper frivillig sektor og studieforbunda blir invitert til å delta, og at den gode viljen til samarbeid fortset. Vi ber om at støtta til frivillig sektor blir oppretthalde for å halde på nødvendige, berekraftige strukturar og viktig, umissande aktivitet for menneske- og samfunnsbygging som bygger opp under dei tre overordna måla nemnt over. Vi ber og om ei anerkjenning og ei hjelp frå Innlandet fylke til vidareutvikling av nasjonale institusjonar plassert i Innlandet, som har umissande betydning og verktoysett for å nå dei overordna tre mål for visjonen «eventyrlege moglegheiter».

Vågå 29.05.2024  
Med beste helsing

Studieforbundet kultur og tradisjon  
Kjærsti Gangsø  
Dagleg leiar SKT



Studieforbundet kultur og tradisjon Innlandet  
Arild Larsen/s/ Brita Rusten Åmot/s/  
Innlandet SKT Innlandet

